



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
20.04.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/16043 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, c/o Øygarden kommune, Ternholmvegen 2,
5337 Rong
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2016

Fylkesmannen har i brev av 17. desember 2015 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 94,4 mill. av den samla skjønnsramma på kr. 127,7 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 33,3 mill.), blir no kr. 14,75 mill. fordelt som ordinært prosjektskjønn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir gitt tilskot til 32 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 59 søknader frå kommunane. Samla søknadsbeløp er i underkant av kr. 37,0 mill.

Etter at det no er fordelt kr. 14,75 mill. i prosjektskjønn, vil det vere ei attståande skjønnsramme for i år på kr. 18,55 mill. Denne ramma vil bli fordelt i samband med:

- Busetjing av flyktningar
- Satsing mot barnefattigdom
- Generell fordeling i året og til uventa hendingar

I brevet vårt av 17. desember 2015 er det gjort nærare greie for prosessen i samband med tildelinga. Regionråda har no ei koordinerende rolle i samband med søknadsprosessen, for å ha ei sterk interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

Vi har i tildelinga i stor grad bygd på regionråda sine prioriteringar mellom prosjektsøknadene.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og innovasjon:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid

- kommunane må sjølv delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene
- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling.

Det er gjort følgjande fordeling mellom føremål, i mill. kr.:

- Barn og unge	2,6
- Helse og omsorg	4,4
- By- og tettstadsutvikling	0,7
- Beredskap og samfunnstryggleik	1,8
- Interkommunalt plansamarbeid	2,3
- Miljøvern og landbruk	2,2
- Andre føremål	0,7
Sum	14 ³ / ₄

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Rapportering for prosjektskjønn 2016 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2016, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2016 er 01.februar 2017. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

